




Bruk hovudet
- bruk hjelm!

Senterheim,
7/6-17

ORIENTERING OM SYKKELDAGEN



Det vert sykkeldag på skulen for 5.-6.trinn

torsdag 15.juni 2017

Vi skal bruka Trygg Trafikk sitt undervisningsmateriell og sykkel vert hovudtema for dagen.

Nokre elevar nyttar sykkel til skulen, og mange nyttar sykkel i fritida.

Vi synest difor det er viktig å gi god informasjon og opplæring om sykkelbruk.

Vi satsar på at flest mogleg har med seg sykkel på skulen denne dagen.


Den treng ikkje vera av det moderne slaget med mange gir og spennande fargar.

Det er ikkje alderen på sykkelen som tel, men stell og vedlikehald.

Frå skulen si side ønskjer vi ikkje at dette skal vera eit kjøpepress, men heller eit lite press til å sjå etter at syklane ungane nyttar er i forsvarleg stand.

Skulle nokon mangla sykkel, avtal med nokon du kjenner, eller ein medelev, om å få låna.


Av programmet for dagen kan nemnast:



- Trafikktryggleik
- Teoriprøve (frå Trygg trafikk)
- Sykkelløype med ulike teoretiske og praktiske oppgåver.
- Sykkelkontroll av bremse og utstyr som er påbode (sjå <https://www.tryggtrafikk.no/tema/sykkel-og-sykkelhjelm/krav-til-sykkelen/>)

Austebygd skule 2017

Helsing dei vaksne på skulen



→ Alle må
ha hjelm!!!